

## USA - STEINLANDET I VEST

I nokre stutte veker på hellinga mot ein ny vinter, drog eg saman med kona gjennom nokre av dei same traktene som vi vitja for fire år sia. Bortsett frå dei nesten dobla prisane såg lite ut til å vera endra. Bortsett frå da, amerikanarane har dreia skruven enda eit par hakk rundt i den materielle velstandsutviklinga og ser ut til å ha vorte politisk enda meir likeglade.

Men det var om stein og mineralar eg tenkte å skrive i NAGS-Nytt....

Fordi det ikkje finst nokon almen ferdsselsrett over privat eigedom, vil utgangspunktet for ein amerikansk mineralsamlar vera vesentleg forskjellig frå vårt. Fordi, i fylgje grunneigarane, folk øydelegg og tek seg sjølv altfor vel til rettes, vil piggtrådgjerde og skilt med "No trespassing", (adgang forbode), møte deg mest over alt. Dette gjeld også, forunderleg nok, statar som Arizona og Utah, der den føderale regjeringa er største grunneigaren. Og dei same forbods-skilta møter deg også i gamle steinbrot og på tippene til for lengst nedlagte gruver.

Serskilt velkommen skal det godt gjerast å kjenne seg når skiltet slår fast at "Mineral collecting positively forbidden!" For dette er det også ein annan grunn: Lovverket i USA gjer det mugleg for ein tilfeldig inntrengjar å saksøkje eigaren for nær sagt alle slags ulykker som kan inntreffe på ein slik stad. Eit beinbrot for ein mineralsamlar som har vildra seg inn vil såleis kunne bety økonomisk ruin for den stakkars, uvitande eigaren!

Dette, saman med den sterke urbaniseringa/utbyttinga (serleg i aust og på vestkysten), avgrensar såleis sterkt muglegheitene for den amerikanske samlaren til å koma seg ut på eiga hand og gjera eigne funn. Og mykje derfor er eit tett nett av steinhandlarar utvikla serleg i sørvest=ferielandet. Desse syrgjer for forsyninga av råmateriale, ofte disponerer dei lokale forekomster av agat, biletjaspis, turkis e.l. Som oftast vil dei kunne gjeva informasjon om funnstader i distriktet og løype til å samle ørlite granne på eigenhand.

Liksom våre gruver merkar dei amerikanske därlegare tider, og ei lang rekke er nå stengde. Men mange er att, og nokre av dei produserer ved sia av kommersiell malm også betydelege mengder krystallar/slipermateriale og samlestuffar. Tidlegare lakte desse ut gjennom tilfeldige kanalar, i lommene til arbeidarane, ved sjeldne besøk av samlarar osv. Nytt for oss denne gongen var at enkelte mineralhandlarar nå hadde kontrakt med gruveselskapet. Kom dei under drifta på ei rik krystallåre, vart arbeidet øyeblikkeleg stansa og denne mineralhandlaren bodsent. Han måtte så innfinne seg omgående og ta ut det han fann rekningsvarande. Etter salg av materialet vart så fortjenesta deld med gruveselskapet.

På denne måten vart veldig mineralskattar berga som elles ville gå tapt, t.d. kinoitt frå Christmas Mine. For eiga rekning dreiv så kanskje mineralhandlaren andre gruver i nærleiken berre på stoffar, t.d. 79-mine på aurichalsitt/hemimorfitt og Apache Mine på vanadinitt. For eiga rekning vil eg leggje til at prisane var absolutt overkommelege, så det vart mange tunge sendingar heim.

Var det så ingenting vi kunne samle sjølve? Jau, i mange av statsskogane (les: Ørkenstrøk) var det store mengder forsteina tre, agat, rosa gips osv. Ein stad på Colorado-platået oppdaga vi ein mindre forekomst med carnotitt/torbernitt (uranmin.), og med lange mellomrom oppdaga vi frie tippar med malakitt/azuritt o.l. I nasjonalparkane er som rimeleg kan vera all samling forbode.

Heldigvis hadde vi i Boron, California, ein gammal brevvenn som er gruveingeniør og samlar. Han tok ei veka ferie og var med oss på "arbeidsplassen" sin og til Death Valley, båe lokalitetar fulle av gamle og nye gruver der det vart vunne ut bor. Colemannitt er eit nydeleg, kvitt/vassklart mineral som opptrer i ei forvirrande mengde krystallformer. Dette kunne vi ta ut i dagbrot både i Boron og Thomson Mine i Death Valley. Siste staden slumpa vi bort i eitt av dei beste funna som er gjort på mange år og grov så sveitten sila med bulldozarane summa sinte rundt oss og knuste åra opp til ny veg .....


Artigaste lokaliteten var likevel gode 100m under den avsvitte ørkenflata i Baker Mine. Her hadde litt regnvatn siva ned, løyst opp borsalt på vegen og vore avstengd i 50 år. I berre badebukse vassa vi rundt i det lunkne borvatnet og fingra oss fram til djupe krystall-lommer. Så var det å arbeide, stundom 1m under vatnet, med hammar og meisel. Og opp kom fantastiske grupper med vassklare boraxkrystallar på opp til 5cm! I luft og varme vil desse sakte gjeva frå seg vatnet og gå over til kritt-kvit tincalconitt, men krystallforma står like klar og høyrer til boraxen. Nå går vi spente rundt og ventar på kva postverket har gjort med krystallgruppene våre!

Death Valley er ein enorm, flatbotna dal, heile 200km lang. Dei veldig saltflatene (meir enn 100m under havflata) skimrar kvite i soldisen, og denne tida av året er temperaturen behageleg låg: 15-20° C, berre ein stad på jorda er det mælt større varme. På båe sider av dalen skyt fjellrekker opp til 3000 m i veret, i november låg snøen siklande halvvegs opp. Og nede i dalen finst ei forvitneleg og forvirrande mengde landskapsformer i tertiar leire, spelande i duse farger mot rauder, taggete fjell. I dette landet streifa vi i fire dagar rundt på mineraljakt i gamle gruver og uttørka sjøar. Alle gruver var vel stengde med lås, men Jim hadde alltid ein nøkkel på lur og førde oss inn i gangar og krystallgrotter eg knapt ville trudd fanst til. I timevis meisla vi oss innover i gangdrag av meyerhofferitt, inyoitt, colemanitt og ulexitt. Ein sjeldan gong

dukka meir velkjende former som gips, celestitt og kalkspat opp. Og når ljoset i gruvelampene svann bort og dagen drukna i raud sol, krakte vi ut på tippen og lot dette uvirkelege landskapet strøyme inn i oss. Uferdig, flimrande som på den første dag, så totalt ulikt alt vi før hadde sett, og likevel med former i seg vi ennå kan kjenne att i våre eigne fjell forma til i eit liknande klima .....

Vi avslutta samleturen vår i Mohaveørknen med å vasste rundt i dei kirsebærraude saltppølane i Searles Lake og sanke halittkrystallar. Så drog vi vidare mot blenkjande snøfjell og det overbefolka Californias lange stillehavskyst.

Torgeir T. Garmo



#### FOSSHHEIM STEINSENTER, 2686 LOM

For 1979 ser kursprogrammet vårt slik ut:

Steintreff	01.06.-04.06. (pinsa)
Økologikurs	17.06.-24.06.
Slipekurs	29.06.-01.07.
Aktivitetsveke geologi	08.07.-15.07.
Geologikurs	12.08.-19.08.
Steintreff	14.09.-16.09.

Samlinga, butikken og verkstaden er oppe heile sommaren, også om kveldane. Så langt vi rekk, hjelper vi til med turframlegg og bestemming av stein. I butikken har vi stort utval av smykker i norsk (også nye!) og utanlandske steinsortar, mineralar frå N.-India, Mexico, USA, Tyskland, Spania m.m.

Og Fossheim er framleis eit billig hotell med rom i mange prisklasser!

For kursprogram: Skriv eller ring, tlf. Lom (062-11600) - 2054.  
Velkommen til trivelege dagar i Lom og Jotunheimen.